

Ordskifte

E-POST: ordskifte@dagogtid.no Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.

«I gammalengelsk finn vi ordet *viking* heimla før vikingtida»

Vikingane og Skandinavia

VIKING

ELДАР HEIDE
BERGEN

Eg har to merknader til oppslaget om John Linds forskning på ordet viking:

1. Lind har rett i at a) ordet *viking* i kjeldene er nøytralt når det gjeld etnisitet og b) ofte er brukt om ikkje-skandinavar, at ordet i kjeldene c) tyder *sjørøvar*; og d) at folk i Skandinavia ifølgje kjeldene ikkje oppfatta seg som vikingar, men slost mot vikingar. Poeng b) – d) er velkjende blant filologar og historikarar. Men a) kjenner dei kanskje dårlegare, trass i at det vart påvist av Fell i 1986, samtidig som alle poenga nok er lite kjende av arkeologar og folk flest. Linds bidrag er derfor viktig.

Heller ikkje etymologien, som eg har forska på, ser ut til å knyte ordet *viking* til Skandinavia. Ingen ting i kjeldene knyter det til Vik på Skagerakkysten. I gammalengelsk finn vi ordet *viking* heimla før vikingtida, og den lydlege forma det har der, tyder på at ordet fanst så tidleg som på 400–500-talet, altså før seglet kom til Nord-Europa. Då er det rimeleg å avleie det av verbet *vike*, som svært tidleg vart brukt om turnus. Ordet *veke*, som har samband med dette verbet, uttrykker at vekedagsgudane avløyser kvarandre i ein turnus (*Önsdagar*, *Örsdagar*, osv.). Veke vart òg brukt om den gamle distanseeininga

på sjøen, og der gjeld turnusen venteleg roing. Før seglet rodde folk svære skip opp og ned kysten, eller til England. Slike lange roferder må ha vore prega av korleis mannskapet avløyste kvarandre ved årene, og det er grunn til å tru at å *fara* i *viking* opphavleg sikta til dette. I så fall tydde det bokstaveleg å fara på skifting, avløysing, medan ein *vikingr* var ein som fór på ei slik skifteferd – heilt uavhengig av kva etnisk bakgrunn han hadde.

2. Likevel er ikkje dagens kopling av ordet *viking* og *skandinavar* gripen ut or lufta, slik ein kan få inntrykk av at Lind meiner. I dei norrøne tekstane blir *vikingr* oftast brukt om skandinavar, og uttrykket (*fara*) i *viking* blir berre brukt om skandinavar, så vidt eg kan sjå. Dei gammalengelske kjeldene er mykje knappare; fleire er reine gloselister. Men hos Ælfric og i Anglo-Saxon Chronicle går det fram at det er skandinavar som er *wicingas*, og i Widsith er *wicingas* brukt om eit folkeslag. Dette folkeslaget er rimelegvis skandinavane, sidan det fyrst og fremst var dei som kom til England og herja på den tida, slik som elles i Nord-Europa. *Wicingas* / *vikingar* tydde i regelen ikkje skandinavar, berre sjørøvarar. Men sjørøvarar var oftast skandinavar den gongen.

Eldar Heide er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet.